



Det Kongelig Justis- og Politidepartment
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
29 NOV 2005	
SAKSNR.:	200504026
AVD/KONT/BEH:	LOV/ED/HI
DOK.NR.	29
ARKIVKODE:	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200504895-5/021/GMAT

Dykkar ref.:
200504026 EO HI/an

Bergen, 28. november 2005

NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet. Fråsegn

Fylkesutvalet i Hordaland handsama denne saka på møte den 22.11.2005 og vedtok:

1. Fylkesutvalet i Hordaland er positiv til framlegg om ei ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov. Det er eit viktig tiltak for å realisera måla om likeverd og menneskerettar som går fram av FN sine standardreglar.
2. Fylkesutvalet stør at universell utforming kjem inn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om plikt til å innføre universell utforming av ålment retta bygg og anlegg. Lovkravet må følgjast opp av sentralt fastsette kriteria og standardar.
4. Fylkesutvalet stør framlegget om tidsfrister for universell utforming av ålment retta bygg og anlegg. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar til å oppruste ekisterande bygg og anlegg innan fastsett tidsfrist.
5. Statlege styresmakter må ta ansvar for å innføre definerte kompetansekrav om universell utforming innanfor byggebransjen.
6. Det er behov for pilotprosjekt for å klargjera reelle kostnader ved oppgradering av ulike type bygg og anlegg. Fylkesutvalet meiner at staten må ta eit ansvar for dette, og syta for finansiering av slike pilotprosjekt.
7. Fylkesutvalet viser til § 11 og meiner at plikta til universell utforming skal også gjelde IKT og samferdsel, slik at det blir sett krav til alle innretningar som nyttar seg av IKT-batalingsautomatar, PC-ar mm.

Før Jan Per Styve

Matti Torgersen

Gudrun Mathisen

Gudrun Mathisen

Vedlegg: Saksutgreiing med vedtak



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200504895
Arkivnr. 021
Sakshandsamar Mathisen, Gudrun

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	21.11.05	262/05

NOU 2005:8 LIKEVERD OG TILGJENGE - FRÅSEGN

Fylkesutvalet 21.11.05

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

” Fylkesutvalet viser til § 11 og meiner at plikta til universell utforming skal også gjelde IKT og samferdsel, slik at det blir sett krav til alle innretningar som nyttar seg av IKT-betalingsautomatar, PC-ar mm. ”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Holmefjord Olsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland er positiv til framlegg om ei ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov. Det er eit viktig tiltak for å realisera måla om likeverd og menneskerettar som går fram av FN sine standardreglar.
2. Fylkesutvalet stør at universell utforming kjem inn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om plikt til å innføre universell utforming av ålment retta bygg og anlegg. Lovkravet må følgjast opp av sentralt fastsette kriteria og standardar.
4. Fylkesutvalet stør framlegget om tidsfrister for universell utforming av ålment retta bygg og anlegg. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar til å oppruste eksisterande bygg og anlegg innan fastsett tidsfrist.
5. Statlege styresmakter må ta ansvar for å innføre definerte kompetansekrav om universell utforming innanfor byggebransjen.
6. Det er behov for pilotprosjekt for å klargjera reelle kostnader ved oppgradering av ulike type bygg og anlegg. Fylkesutvalet meiner at staten må ta eit ansvar for dette, og syta for finansiering av slike piloprojekt.

7. Fylkesutvalet viser til § 11 og meiner at plikta til universell utforming skal også gjelde IKT og samferdsel, slik at det blir sett krav til alle innretningar som nyttar seg av IKT-batalingsautomatar, PC-ar mm.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. november 2005

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200504895-2
Arkivnr. 021
Saksh. Mathisen, Gudrun

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

21.11.2005 - 22.11.2005

NOU 2005:8 LIKEVERD OG TILGJENGE. FRÅSEGN

SAMANDRAG

Justisdepartementet har sendt på høyring NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet, med framlegg til ei diskriminerings- og tilgjengelegheitslov og endringar i fleire lover for å styrkje rettsleg vern mot diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne. M.a. plan- og bygningslova får universell utforming inn i føremålsbestemminga. Lovutkastet gir reglar for å gjere samfunnet meir tilgjengeleg, basert på universell utforming. Plikt til generell og individuell tilrettelegging blir lovfesta. Eit fleirtal i utvalet vil ha tidsfrist for dette: Bygg og anlegg m.m, retta mot ålmenta og oppført etter 1.1.2009 skal vera universelt utforma. Eksisterande bygg og anlegg m.m. retta mot ålmenta skal innan 1.1.2019 vera universelt utforma.

Gjennom Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med fylkesdelplanen "Deltaking for alle – universell utforming" er det kome tydeleg fram behov for å eksplisitt lovfeste krav om tilgjenge og til rettellegging for personar med nedsett funksjonsevne. Framlegget om tidsfristar for innføring av universell utforming på alle ålment retta bygg og anlegg syner sterk vilje til å nå måla. Eit lovkrav må følgjast opp av sentralt fastsette kriteria og standardar.

Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar til å oppruste eksisterande bygg og anlegg innan fastsett tidsfrist. Pilotprosjekt for ulike type bygg og anlegg kan medverka til realistisk klargjering av kostnadsbehovet.


Det er behov for kunnskap og kompetanse på mange samfunnsområde for å oppnå gode resultat. Staten må ta ansvar for å innføre definerte kompetansekrav innanfor byggebransjen.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland er positiv til framlegg om ei ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov. Det er eit viktig tiltak for å realisera måla om likeverd og menneskerettar som går fram av FN sine standardreglar.
2. Fylkesutvalet stør at universell utforming kjem inn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova.

3. Fylkesutvalet støt framlegget om plikt til å innføre universell utforming av ålment retta bygg og anlegg. Lovkravet må følgjast opp av sentralt fastsette kriteria og standardar.
4. Fylkesutvalet støt framlegget om tidsfrister for universell utforming av ålment retta bygg og anlegg. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar til å oppruste ekisterande bygg og anlegg innan fastsett tidsfrist.
5. Statlege styresmakter må ta ansvar for å innføre definerte kompetansekrav om universell utforming innanfor byggebransjen.
6. Det er behov for pilotprosjekt for å klargjera reelle kostnader ved oppgradering av ulike type bygg og anlegg. Fylkesutvalet meiner at staten må ta eit ansvar for dette, og syta for finansiering av slike piloprojekt.

Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg: Framlegg til lovtekst, henta frå NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet
Sjå: http://odin.dep.no/jd/norsk/dok/andre_dok/nou/012001-020036/dok-bn.html

FYLKESRÅDMANNEN, 08.11.2005:

Regjeringa oppnemnde i 2002 eit lovutval (Syseutvalet etter leiaren Aslak Syse) for å utgreie behovet for å styrkje funksjonshemma si rettsstilling og diskrimineringsvern. Mandatet var å utarbeide forslag til ei ny lov og/eller forslag til endringar i eksisterande lovgjeving for å styrkje det rettslege vernet mot diskriminering av funksjonshemma. Utgreiinga, "NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet. Rettslig vern mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Bedret tilgjengelighet for alle" med utkast til ei ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov, er sendt på høyring med frist 30.12.2005.

Lovutkastet vil sikre personar med nedsett funksjonsevne vern mot diskriminering på line med det som er nedfelt i likestillingslova (diskriminering på grunn av kjønn) og diskrimineringslova (diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv.). I tillegg er det framlegg om reglar for å gjere samfunnet meir tilgjengeleg, basert på prinsippet om «universell utforming»: utforming eller tilrettelegging av hovudløysinga i dei fysiske forholda slik at verksemda sin alminnelege funksjon kan nyttast av flest mogleg. Lovutkastet sikrer vidare ein rett for enkeltpersonar til å få ei individuell tilpassing av arbeidsplassen, utdanningssituasjonen, barnehagetilbodet og kommunale dag- og avlastningsaktivitetar.

Ei menneskerettstenking ligg til grunn for arbeidet, jf. FN sine Standardreglar (1993). Likeverd for menneske med nedsett funksjonsevne er det overordna målet.

Ulik funksjonsevne er eit naturleg uttrykk for menneskeleg mangfald. Dei fleste vil oppleve at funksjonsevna vert endra i ulike livsfasar. Lovutkastet går langt i å sikre betre tilgjenge, og ser vernet mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne i samheng med det øvrige diskrimineringsvernet i Noreg. Utvalet gjer framlegg om at universell utforming skal inn i føremålsbestemminga i plan- og bygningslova. Formuleringa er den same som Bygningslovutvalet gjer framlegg om.

Følgjande omgrep er sentrale og vert klargjort i utgreiinga:

Nedsett funksjonsevne: når ein kroppsdel eller ein av kroppens fysiske eller kognitive funksjonar er tapt, skada eller på annan måte nedsett.

Funksjonshemming: ikkje ein biologisk eller medisinsk eigenskap eller kjenneteikn ved eit individ, men ein situasjon som kan oppstå i individet sitt møte med samfunnet når individet si deltaking vert avgrensa og det kan knytast til nedsett funksjonsevne. Den formen for diskriminering som er tema for utgreiinga, vert kalt "diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne".

Tilgjenge: Eit samfunn vil vera tilgjengeleg når det fysiske miljøet er utforma slik at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på felles samfunnsarenaer. Tilgjenge er ein føresetnad for samfunnsdeltaking.

Tilrettelegging: eit verkemiddel for å oppnå auka tilgjenge. Tilrettelegging kan vera av generell eller individuell karakter, avhengig av om den tar sikte på å imøtekomme behova til ei større gruppe eller eitt individ.

Universell utforming: ei utforming av dei fysiske forholda som verker inkluderande ved å ta høgde for ulike føresetnader hos brukarane. Universell utforming kan også brukast som nemning på ei inkluderande form for generell tilrettelegging.

Utvalet sine vurderingar og forslag

Utvalet gjer framlegg om éi felles diskrimineringslov. Eit nytt lovutval bør vurdere om diskrimineringsvernet skal inn i Grunnlova.

Fylkesrådmannen vil her omtala dei framlegga som har særleg interesse og relevans for fylkeskommunen.

§ 1 Føremål. Føremålet med lova er å sikre likeverd og fremje like høve til samfunnsdeltaking for alle uavhengig av funksjonsevne, og å hindre diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Lova skal medverke til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmande barrierar, og hindre at nye vert skapt.

§ 2 *Verkeområde*. Lova gjeld på alle samfunnsområde med unnatak av familieliv og andre forhold av personleg karakter. (----)

§ 3 *Aktivitetsplikt*. Offentlege styresmakter og arbeidslivets organisasjonar skal arbeida aktivt, målretta og planmessig innanfor sine verkefelt for å fremja føremålet med lova. Arbeidsgjevarar i offentlig og privat sektor skal arbeida aktivt for å fremja føremålet med lova innanfor si verksemd.

§ 9 *Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming)*. Offentleg verksemd skal arbeida aktivt og målretta for å fremja universell utforming innanfor verksemda. Tilsvarende gjeld for privat verksemd retta mot ålmenta.

Universell utforming vil seia utforming eller tilrettelegging av hovedløysinga i dei fysiske tilhøva slik at verksemda sin allmenne funksjon kan nyttast av flest mogleg.

Offentleg verksemd og privat verksemd retta mot ålmenta har plikt til å sikre universell utforming av verksemda sin allmenne funksjon så langt det ikkje fører til ein urimeleg (uforholdsmessig) byrde for verksemda. Ved vurderinga av om utforminga eller tilrettelegginga fører til ein urimeleg byrde, skal det særleg leggast vekt på dei nødvendige kostnadene ved tilrettelegginga, verksemda sine ressursar, tilrettelegginga sin effekt for å byggja ned funksjonshemmande barrierar, om verksemda sin allmenne funksjon er av offentlig art, tryggleiksmessige omsyn og verneomsyn. (-----).

§ 10 *Plikt til individuell tilrettelegging*. Arbeidsgjevar har plikt til å gjennomføra rimeleg individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgåver for å sikre at ein arbeidstakar eller arbeidssøkjjar med nedsett funksjonsevne kan få eller halde fram i arbeid, ha tilgang til opplæring og annan kompetanseutvikling samt utføre og ha høve til framgang i arbeidet likeverdig med andre. Skole- og utdanningsinstitusjon har plikt til å gjennomføra rimeleg individuell tilrettelegging av lærested og undervisning for å sikre at ein elev eller student med nedsett funksjonsevne får likeverdige opplærings- og utdanningsmulegheiter. (-----).

§ 11 *Plikt til universell utforming av bygg og anlegg med mer (Fremja av fleirtalet i utvalet)* Bygg, anlegg og opparbeidde uteområde retta mot ålmenta som vert oppført eller ferdigstilt etter vesentlege endringsarbeid (hovudombygging) etter 1. januar 2009, skal vera universelt utforma.

Bygg, anlegg og opparbeidde uteområde retta mot ålmenta skal vera universelt utforma frå 1. januar 2019. (-----).

Plan- og bygningsstyresmaktene kan gi dispensasjon frå plikta etter første og andre ledd der det ligg føre verneomsyn eller andre særleg tungtvegande grunner. (----)

Økonomiske og administrative konsekvensar

Utvalet har vurdert økonomiske og administrative konsekvensar av framlegga. Dei peiker på at ein vanskeleg kan gjera framlegg om eit vern mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne basert på uendra ressursbruk, ettersom ei viss plikt til tilrettelegging bør følgja av eit slikt vern. I stor utstrekning vil kostnadene ved plikt til tilrettelegging bli oppvegd av den samfunnsøkonomiske nytta ved diskriminerings- og tilgjengelegheitslova. Utvalet meiner at lova utan tvil vil ha slik nytte, men at det er vanskeleg å tallfeste. Når det gjeld reglane om tilrettelegging, er det klart at forslaget vil innebære meirkostnader. Dette gjelder spesielt plikta til universell utforming av bygg m.m.

Merknader

Fylkestinget har vedteke at Hordaland fylkeskommune skal arbeida for å nå FN sitt mål om eit tilgjengeleg samfunn for alle. Hordaland fylkeskommune held også på med ein fylkesdelplan for funksjonshemma. Den har nemninga Deltaking for alle – universell utforming og gir grunnlag for å vurdere framlegga i NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet. Fylkesrådet for funksjonshemma er mellom dei som er med i utarbeidinga av planen.

I arbeidet med planen har det kome klart fram at det er behov for å lovfeste eksplisitt kravet om tilgjenge og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne. Det er også stor semje i prosjektgruppa om at omgrepet universell utforming eignar seg godt i dette arbeidet.

Fylkesrådmannen er positivt til at det no er kome 2 framlegg til lovfesting av universell utforming. Det eine er NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet (Syseutvalet), og det andre er NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslov II (Bygningslovutvalet).

Begge utvala gjer framlegg om at universell utforming skal inn i plan- og bygningslova si føremålsbestemming, og har same formulering. Det er positivt.

Begge utvala gjer bruk av dei same definisjonane på sentrale omgrep.

Utvala skil lag når det gjeld kva for verkemidlar som eignar seg best for å nå målet om universell utforming av bygg og anlegg som er retta mot ålmenta.

Bygningslovutvalet nyttar omgrepet brukbarheit: "Ethvert tiltak skal innanfor sin funksjon kunne brukas av alle (---) (§29.2). Departementet gir nærare forskrifter om brukbarheit.

Grunngjevinga for denne formuleringa er at det er meir dynamisk, og mogleggjer ei fleksibel og jamleg oppdatering i teknisk forskrift (TEK), i takt med utviklinga i materialer, teknologi og fag. I motsetnad til Syseutvalet går Bygningslovutvalet ikkje inn for tidsfrister for innføring av universell utforming.

Fylkesrådmannen meiner at vi treng begge delar. Det er behov for klare tidsfrister for å implementere universell utforming som overordna prinsipp i all bygge- og anleggsverksemd. Det er stor semje om at det ikkje koster noko særleg meir å leggje universell utforming til grunn ved nybygging. Det dreier seg primært om kunnskap og haldningar hjå dei ansvarlege partane i byggeprosessen.

Når det gjeld eksisterande bygg og anlegg, gjer Syseutvalet framlegg om 10 år ekstra (fram til 1.1.2019) for oppgradering til universell utforming. I seg sjølv bør det vera nok tid, men det er klart her at ulike offentlege og private byggherrar og eigarar vil ha ulike føresetnader for å klare denne fristen. Kostnadsaspektet vil stå heilt sentralt. Kommunesektoren slit med ein hardt pressa økonomi, og det vil vera behov for ekstra løyvingar over statsbudsjettet til å iverksetja denne store reformen. Hovuderfaringa frå andre statleg initierte reformer er at dei er underbudsjetterte i høve til kommunane sine reelle utgifter. Det må ikkje skje her. Særleg utsett er kommunar som har ein stor, gamal og til dels verneverdig eigedomsmasse, som t.d. Bergen. Det er behov for fleire pilotprosjekt for å klargjere reelle kostnader ved ei oppgradering av ulike type bygg, anlegg og uteområde. Staten må delta i finansieringa av slike pilotprosjekt.

I arbeidet med fylkesdelplanen er det kome fram at det er eit behov for felles definisjonar, kriteria og standardar på kva som meinast med universell utforming, og kva det vil innebera. Dersom slike standardar skal vera juridisk bindande og tenlege for lovtolkingar, må dei fastsetjast sentralt av statlege styresmakter. Vi stør derfor Bygningslovutvalet i at dette må inn i teknisk forskrift.

Internasjonale erfaringar som det er gjort greie for i NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet, syner likevel at det kan ta lang tid å få på plass slike standardar. Det er viktig at arbeidet med kriteria og standardar vert starta med ein gang og får høg prioritet.